
Fra: Jan Tore Hvidsten <jthv@online.no>
Sendt: mandag 6. mai 2019 20.17
Til: Silje Aileen Hjortland Haukedal
Kopi: firmapost@bof.no; Katrine Bjordal Midttun; Postmottak Radøy
Emne: Re: sak 19/567 gbnr 43/99

Hei igjen!

Me har diskutert litt og vil gå vidare med søknaden. Me skal ha eit møte onsdag 8.5. og sjå på den på nytt.

Kunne me fått til eit kort møte etter at me har retta opp søknaden etter beste evne?

Rune Fanebust som står for søknaden saman med underteikna , har ein reisejobb.

Einaste dagen som passar for han er fred.10.5. om morgonen. Han må køyra frå Manger kl.09.30.

Håper det går an å ordna eit møte slik at det passar for oss begge.

Helsing Jan Tore Hvidsten

Den 27.04.2019 09:39, skrev Jan Tore Hvidsten:

Hei!

Takk for svaret. Det ser ut for at det blir noko meir i gebyr enn det so me blei fårespegla i dialogen me hadde med kommunen før me søkte. Viser til dialog som me hadde med R.K før me sendte søknaden. Denne vert vidaresendt .

For at me kan gå vidare må me veta kva dette vert i totalt i gebyr. Dette må me leggja fram for Nordhordland seilforening

Vert det då eit basisgebyr på kr. 6700 pluss eit dispensasjonsgebyr på kr.10300 for begge dispensasjonane ?

Søknad til Bergen og omland havnevesen blei sendt samtidig med søknad til R.K. Dersom me får løyve til å gå vidare med søknaden, så skal me orda opp i dei andre punkt du påpeikar

Helsing Jan Tore Hvidsten

Den 25.04.2019 15:12, skrev Silje Aileen Hjortland Haukedal:

Hei,


Synar til dykk søknad om etablering av gapahuk, flytebryggje og plattung.

For at kommunen skal kunne handsame søknaden må alle tiltaka vere teikna inn på situasjonsplanen, og det må vere målsatte teikningar.

Det er ikkje tilstrekkeleg at det er sendt inn eksemplar på andre gapahukar.

Det må også kome tydelig fram kva tiltak det søkast om. Det er nemnd gapahuk, flyebryggje, treplattung og sti, men i søknadsskjema kjem det berre fram gapahuk og flyebryggje.

Området som tiltaka skal plasserast i er uregulert og i kommuneplanen vist med arealformål friområde på land og naturområde i sjø.



Det kjem følgjande fram av føresegna til kommuneplanen;

3.3.1 Naturområde

Føremålet gjeld område sett av til naturområde.

3.3.2 Turdragområde

Føremålet gjeld område som bind fleire grøne område saman, eller som fungerer som korridorar frå byggjeområde og ut i friområde og friluftsområde.

3.3.3 Friområde

Føremålet gjeld areal sett av til friområde.

Nye friområde skal takast vare på som naturområde og det er ikkje tillate med utbygging i desse områda.

Det er ikkje tillate med tiltak som kan redusera opplevingsverdiane.

Enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv og opparbeiding av universelt utforma sti kan tillates i samråd med kommunen, jfr plan- og bygningslova § 11-10 nr 2.

Kommunen vurderer at tiltaka er i tråd med arealformål friområde på land, men flytebyggje er ikkje i tråd med naturområde i sjø.

Tiltaka er vidare plassert innafor 100 meters beltet frå sjø og krev dispensasjon frå byggeforsbodet i pbl § 1-8.

Det må dermed søkast om dispensasjon frå arealformål naturområde i sjø og byggeforsbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8.

Det må ligg føre førehands uttale frå Bergen Hamn.

Med helsing

Silje Haukedal

Konst. Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: silje.haukedal@radoy.kommune.no

